



Kommunane i Rogaland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Rundskriv 1/2017. Tilskot frå regionalt miljøprogram i Rogaland: Kommentarar til reglane og rutinar for saksbehandling

Kontaktpersonar:

Monica Dahlmo, tlf 51 56 89 66, [fmromda@fylkesmannen.no](mailto:fmromda@fylkesmannen.no)

Else Fredheim Hodne, tlf 51 56 89 77, [fmroefh@fylkesmannen.no](mailto:fmroefh@fylkesmannen.no)

### 1. Innleiing

Regionalt miljøprogram i Rogaland er utarbeidd av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Vilkår for å få tilskot står i forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland. Forskrifta ligg på [lovdata.no](http://lovdata.no). Omtale av ordningane og nærmare vilkår for å søkje er omtalt i rettleiingshefte for regionalt miljøprogram i Rogaland 2017. Rettleiingsheftet er lagt ut på nettsida til Fylkesmannen under «Landbruk og mat», «miljøtiltak», tilskot til miljøtiltak.

Rundskrivet omhandlar rutinar for kommunen si saksbehandling og kommentarar til ordningane for tilskot i 2017. Vi viser også til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2017- 25 «Saksbehandlingsrutiner for søknad om regionale miljøtilskudd i jordbruket- 2017».

### 2. Innholdsliste

1. Innleiing .....	1
2. Innholdsliste .....	1
3. Fristar for søknadsomgangen 2017 .....	2
4. Arkivering av søknadar .....	2
5. Levering og mottak av søknad .....	2
6. Saksbehandling .....	2
7. Dokumentasjonskrav .....	3
8. Kommentarar til tilskotsordningane .....	4
9. Kontroll av søknadar .....	6
10. Endring av søknader .....	6

11.	Behandling av søknader .....	7
12.	Dispensasjon .....	7
13.	Stadleg kontroll .....	8
14.	Avkorting .....	11
15.	Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage .....	12
16.	Innspel til Regionalt miljøprogram .....	12

### 3. Fristar for søknadsomgangen 2017

15.oktober 2017	Siste søknadsfrist for søknad om miljøtilskot. Kommunane kan ikkje starte saksbehandling i eStil før søknadsfristen er gått ut. Dette er fordi søkjar kan velje å sende inn søknaden på nytt.
15. november 2017	Siste søknadsfrist for søknad om tilskot til organisert beitebruk.
15. desember 2017	Frist for første gongs saksbehandling i eStil for kommunane.
30. januar 2018	Frist for endring av kontonummer i Altinn (søkjar) og i LREG- tenester (kommunen)
16. februar 2018	Frist for attesting av søknadene til utbetaling.
19. februar 2018	Teknisk utbetalingsdato, tilskotsbrev blir tilgjengeleg i Altinn mellom 19.02-07.03.
7. mars 2018	Utbetalingsdato.

### 4. Arkivering av søknadar

Kommunen vel om søknadane skal arkiverast gjennom eStil (godkjend system for arkivering) eller om søknadane skal arkiverast lokalt. Vi viser her til direktoratet sitt rundskriv side 31.

Dersom kommunen ønskjer å legge inn vedlegg i saka, må eStil vere valt som arkivsystem.

Viss kommunen angrar på at lokalt arkiv er valt, kan søknaden avvisast og opnast på nytt. Under registrering kan man velje å laste opp dokument.

### 5. Levering og mottak av søknad

Søknader om regionalt miljøtilskot kan leverast via Altinn eller på papir til kommunen. Søknad på papir skal vere postlagt eller levert på kommunehuset seinast på dagen for siste søknadsfrist. Søknad som blir levert etter søknadsfristen skal trekkjast med kr 1000 per yrkedag den er for seint levert. I eStil blir trekket automatisk rekna ut. Kommunen må ved registrering av papirsøknad leggje inn rett søknadsdato. Dersom ein søknad blir levert meir enn 20 yrkedagar etter søknadsfristen skal søknaden avvisast.

### 6. Saksbehandling

Kommunen skal saksbehandle og gjere vedtak for alle søknader som kjem inn. Kommunen skal enten avvise, avslå eller godkjenne søknaden. Søkjar skal ha skriftleg svar på sin søknad der det er opplyst om klagerett

Saksbehandling av klager, vurderingar av avkorting og omgjering av vedtak må gjerast utanfor eStil i kommunen sitt ordinære arkivsystem. Brev der kommunen gjer om sitt første vedtak skal sendast i

kopi til Fylkesmannen ved landbruksavdelinga. Fylkesmannen skal i tillegg ha kopi av saker der kommunen har avkorta tilskotet. Der kommunen har vurdert avkorting og konkludert med at det ikkje skal avkortast, er det ikkje nødvendig å skrive eit eige skriv til søkjar utanom tilskotsbrevet. Kommunen skal i staden nytte merknadsfeltet i eStil. Merknaden må vere utforma slik at søkjar blir gjort kjend med kommunen si vurdering, og blir kjend med at feilopplysninga kunne ha ført til avkorting.

## 7. Dokumentasjonskrav

Alle som søker og som nytter gjødsel, må ha gjødslingsplan jamfør forskrift om gjødslingsplanlegging. Ved bruk av plantevernmiddel skal føretaket oppfylle krav til føring og oppbevaring av journal i forskrift 6. mai 2015 nr. 455 om plantevernmiddel § 20 og § 26, og føring og oppbevaring av register over plantevernmiddel, forordning nr 1107/2009 artikkel 67 i .

Følgjande ordningar har dokumentasjonskrav i tillegg:

Tiltak	Tiltaksklasse	Ekstra dokumentasjonskrav
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	Øyer/holmar/veglause område	
	Fjellområde	
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap.	Øyer/holmar/veglause område	
	Fjellområde	
	Verneområde	Skjøtselsplan
Skjøtsel av bratt areal	Areal m/spesielle verdier	
	Helling 1:3 Helling 1:5	
Drift av beitelag	Sau/geit	Skjema med opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområde og tiltak som er sett i verk)
	Hest/storfe	
Skjøtsel av slåttemark		Skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore
Skjøtsel av kystlynghei	Særleg verdifull kystlynghei	Skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans
	Verdifull kystlynghei	
Skjøtsel av styvingstrær		Skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore
Slått av biologisk verdifulle areal (myr ved jordbruksareal)		Skjøtselsplan
Beite av biologisk verdifulle areal (naturbeitemark og hagemark)		Skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans på areal over 100 dekar
Tilrettelegging av fuglebiotop	Våtmarksområde	Skjøtselsplan
Skjøtsel av gravminne (må vere 3 eller fleire)		Skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore
Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne	Beite	Skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore

Tiltak	Tiltaksklasse	Ekstra dokumentasjonskrav
Vedlikehald av ferdselsårar i kulturlandskapet	Turstiar med låg tilrettelegging	Innteikna på offentleg tilgjengeleg turkart
	Turstiar med låg tilrettelegging	
Fangvekstar etter hausting		
Ugjødsla randsone i eng		
Vegetasjonssone	Korn	
	Potet/grønnsaker	
Vedlikehald av fangdammar		Dokumentasjon på utgifter til oppreinsking
Miljøavtale	Trinn 1 (år 1-3)	Miljøavtale, gjødslingsjournal
	Trinn 2 (år 4-6,	Miljøavtale, gjødslingsjournal
Nedlegging eller nedfelling	Veksande kulturar	Skiftenoteringar
	Open åker eller stubb	Skiftenoteringar
Bruk av tilførselsslantar (kombinert med nedfelling/nedlegging)		Skiftenoteringar
Spreiing med rask nedmolding		Skiftenoteringar

### Skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore

Der det er krav om dette, skal søkjar dokumentere kva slags skjøtsel som blir gjennomført på det omsøkte arealet eller objektet. Omtalen skal innehalde kva tiltak som er gjort, kvar dei er utført og når dette er gjort. Omtalen skal oppbevarast på bruket og vere ein del av internkontrollen.

### Skjøtselsplan

Ein skjøtselsplan er ein meir utfyllande informasjon om drifta enn skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore. På nettsida til Fylkesmannen finn de mal frå Miljødirektoratet for utforming av ein skjøtselplan. For skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark er det krav om at skjøtselsplanen skal vere utarbeidd av eigna faginstans. Døme på faginstansar er Norsk landbruksrådgiving, Ambio, Ecofact m.fl.

### Miljøavtale

Ein miljøavtale er ein avtale mellom landbruksføretak i utvalde område og kommunen. I avtalen går det fram spesielle tiltak i drifta for å minske næringstap frå jordbruket til utvalde vassdrag. Mal for miljøavtaler er utarbeidd av Fylkesmannen.

## 8. Kommentrarar til tilskotsordningane

Det blir vist til rettleiingsheftet for vilkår til søkjar for å få tilskot. I kommentarane her blir det berre gitt utfyllande kommentarar til einskilte ordningar.

### Generelle kommentarar

Fleire av ordningane gjeld berre i definerte område. I portalen temakart-rogaland.no/rmp er det lagt kartlag som viser ulike tilskotsområde. NB! Desse regionale karta vil ikkje vise i eStil. Det vil seie at for å kvalitetssikre tilskotet, må kommunen bruke temakartportalen-RMP. Områdeavgrensingane må som hovudregel vere sett før 31. juli.

I dei fleste ordningane under biologisk mangfald skal arealet det blir gitt tilskot til vere registrert i Naturbasen. Der registreringa er gjort og oppdateringane av Naturbasen er i prosess, er ei skriftleg stadfesting frå miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen tilstrekkeleg.

## **Kulturlandskap**

Formålet med ordningane under kulturlandskap er at jordbruksareal og viktige kulturlandskap blir haldne i hevd. Areal som er grodd igjen med kratt og vekstar og som tydeleg viser at det verken er beita eller slått, skal ikkje inngå i grunnlaget for tilskot. Areal der det er mykje problemugras, og der søkjar ikkje har følgd opp varsel frå kommunen, skal heller ikkje inngå i tilskotsgrunnlaget.

Døme på problemugras er: høymole, lyssiv, åkertistel, vegtistel, myrtistel, landøya, m.fl.

For å følgje opp areal med mykje ugras kan kommunen varsle om reaksjon i tilskot viss søkjar ikkje gjer nødvendige tiltak.

— Krav til beitetid i utmark er 8 veker. I denne tida skal grovfôropptaket vere frå utmarksbeitet.

For ordninga *beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap, verneområde* er det krav om eigen skjøtselsplan. Skjøtselsplanen kan anten vere ein felles plan for eit stort samanhengande område eller føretaket sin eigen skjøtselplan. Skjøtselsplanen skal vere godkjend av styresmakta som forvaltar verneområdet. Arealet dyra beiter på må liggje i Rogaland. Der beiteområda strekk seg over fylkesgrensa, må kommunen gjere ei skjønsmessig avveging og vurdering i kvart enkelt tilfelle. Det er då naturleg å sjå på kvar dyra blir slopt og kvar dei blir sankt.

## **Biologisk mangfald**

### **Slåttemark**

Tilskotet blir gitt når nødvendig skjøtsel er gjort. Søkjar skal ha notert kva som er gjort på arealet. Det er viktig at slåtten blir tatt seint nok. Graset skal ha blitt fjerna frå området. Det er ikkje krav til slåttestyret. Det er ein fordel med lett beiting om våren. Dyra må takast vekk frå beitet innan utgangen av mai slik at blomsterplantene får høve til å vekse opp og bløme.

### **Kystlynghei**

Skjøtselplanen skal innehalde:

- Omtale og kart over arealet
- Vurdering av beitetrykk
- Behov for brenning, og plan for dette
- Eventuelle utfordringar i drifta

Bart fjell og vatn skal ikkje inngå i arealgrunnlaget. Kommunen må vere merksam på at det å teikne i kartportalen i eStil berre gir bruttoareal. Kommunen må i tillegg til skjøtselsplanen.

Skjøtselsplanen skal innehalde opplysningar om areal.

Søkjar skal kunne svare på kor mange dyr som har gått i området til ulik tid. Det skal berre bli gitt tilskot til areal der det er ei reell beiting av kystlyngheia. Beitetrykket skal ikkje vere for lågt eller for høgt. For skjøtsel av kystlynghei er beiting i skuldensesongane, dvs. vår og haust, viktigast. Kor mange dyr det kan vere på eit område vil variere.

For å vurdere beitetrykket må ein sjå på kvaliteten til lyngen og vurdere kor mykje gras det er. Viss det er mykje gras på området og lite lyng, kan det bety at området er blitt beita for hardt. Gamal forveda lyng (over 20-30 cm) vil ikkje ha beiteverdi. Brenning vil her vere eit tiltak.

Der det ikkje er gjerde mellom innmark og utmark må kommunane vurdere om det er sannsynleg at dyra nytter utmarka i tillegg til innmarka. Kommunane kan nytte «Rogalandsmodellen» for å berekne dette. Kommunane må i tillegg vurdere når det er blitt beita. Dyr som går ute tidleg vår/sein haust vil i større grad nytte lyngområda.

### **Beite av biologisk verdifulle areal. Naturbeitemark og hagemark**

Denne ordninga er endra i 2017. Beite av hagemark er no inkludert. På temakart-rogaland/rmp vil de kunne sjå kva område som er definert som hagemark i Naturbasen med verdi A eller B. I og med at 2017 er første år med tilskot til naturtypen må kommunen vere ekstra merksam på kvaliteten på kartgrunlaget. Areal som er fulldyrka inngår ikkje i naturtypen.

Beiting av naturbeitemark inngår som tidlegare i tilskotsordninga. Kravet til skjøtselsplan for beiting av areal under 100 dekar er tatt bort. For beiting av areal under 100 dekar er det eit generelt vilkår at arealet ikkje skal gjødslest utanom det dyra legg ifrå seg. For beiting av område over 100 dekar er det krav om skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans.

### **Organisert beitebruk**

Søknadsfristen om driftstilskot for beitelag er 15. november. Tilskotet blir gitt til heimsanka dyr. Kommunen må sjå etter at nye medlemmer er registrerte i Landbruksregisteret. Før det kan bli gitt tilskot til nye beitelag, må beitelaget ha registrert seg i Brønnøysundregistrene og fått organisasjonsnummer. Dei må i tillegg ha godkjende vedtekter m.m.. Kommunen må godkjenne det nye beitelaget før dei kan søkje om tilskot. Beiteområdet må teiknast inn på kart og sendast inn til Fylkesmannen. For nye lag er minstekravet 5 medlemmer og 300 småfeeiningar. Elles viser vi til krava for beitelag som finst i Rettleingsheftet for organisert beitebruk.

## **9. Kontroll av søknadar**

Kommunen går gjennom søknaden, kontrollerer at den er fullstendig utfylt og at det er lagt ved nødvendig dokumentasjon. Det må kontrollerast at alle datafelt er fylt ut med heile tal utan desimalar. Kommunen har ansvar for at saka er tilstrekkeleg opplyst/dokumentert før vedtak blir fatta, jf. forvaltningslova § 17 første ledd.

Søknadsskjemmet skal vere underteikna av søkjar. Berre personar som har ei rolle i føretaket eller på annan måte har fått skriftleg fullmakt av føretaket, kan underteikne søknaden. Innehavar i føretaket kan delegere oppgåver til andre personar i Altinn. Fanekortet *Roller Person* under føretaket i Landbruksregisteret, viser kva personar som er registrerte i Einingsregistrert med fullmakt til å forplikte føretaket. Desse opplysningane finn ein òg ved å søkje på føretaket på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

## **10. Endring av søknader**

Kommunen skal berre endre opplysningar i søknaden etter samråd med søkjaren. Unntak frå dette er klare skrivefeil, og feil som skuldast unøyaktig innteikning i kart. Retting av søknadar i søkars favør, og påføring av utegløynde ordningar er å sjå på som innlevering av ny søknad. Tilskotet skal då reduserast kr 1000 per verkedag etter søknadsfristen .

## **11. Behandling av søknader**

Det er kommunen som gjer vedtak om tildeling av RMP-tilskot. Under sakshandsaminga må kommunen vurdere om søknaden skal bli godkjent, avslått eller avvist. Kommunen skal vurdere om karta og tala i søknaden er korrekte. Søknader som fyller krava som er sett i forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Rogaland, rundskriv og rettleiingshefte, skal godkjennast for vidare sakshandsaming.

### **I 2017 er det ikkje lenger maskinell kontroll i eStil opp mot søknadsdata frå produksjonstilskot.**

#### **Kart**

Kommunen kan endre søkjar sine kartregistreringar når søknaden er under behandling. Kommunen må rette opp feil i kart. Søkjarane vil ved neste års søknad få spørsmål om å importere kartdata frå tidlegare år. Sidan kartdata er kjelde til arealopplysningar i søknaden er det lett at feil blir gjentatt viss karta ikkje blir oppdatert.

#### **Avvising av søknader**

Å avvise ein søknad er å la vere å ta saka til handsaming fordi dei formelle vilkåra i saka ikkje er oppfylte. Søknader som manglar underskrift eller er underteikna av andre enn den som pliktar føretaket, skal avvisast og sendast i retur til søkjar. Søknader frå føretak som ikkje er registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, skal avvisast. Søknader som er levert meir enn 20 dagar etter søknadsfristen, skal avvisast. Kommunen må sjølv sende brev til søkjar om vedtak om avvising.

#### **Avslag på søknader**

Søknader som er tatt opp til handsaming, men som ikkje fyller vilkåra for å få tildelt tilskot, skal ha avslag. Søknadar som gir kr 0 i utbetaling skal også ha avslag. Det er kommunen som fattar vedtak om avslag og sender brev til søkjar om vedtaket.

#### **Attesting av søknader**

Kommunen må innan gitt frist gå inn i eStil og attestere godkjende søknader for utbetaling. Søknader som ikkje er attestert vil ikkje bli utbetalt.

## **12. Dispensasjon**

Fylkesmannen kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon frå krava i forskrifta, jf. § 25 i forskrifta. Det blir ikkje gitt dispensasjon frå utrekningsreglane eller satsane. Vidare blir det ikkje gitt dispensasjon frå telledato eller frå tilskotstak. Søknad om dispensasjon skal sendast til Fylkesmannen via kommunen. Kommunen skal komme med uttale til søknaden, og tilrå om dispensasjon bør gjevast eller ikkje.

Føretak som treng dispensasjon for både søknad om RMP-tilskot og søknad om produksjonstilskot, kan søkje om dette samla. Det må då opplysast om at dispensasjonssøknaden gjeld begge tilskotsordningane.

Fylkesmannen har ansvar for at saka er godt nok opplyst/dokumentert før dispensasjonsvedtak blir gjort, jf. forvaltningslova § 17 første ledd, og kan krevje at kommunen innhentar alle dei opplysningane som er nødvendig for å avgjere saka.

### **13. Stadleg kontroll**

Kontroll av søknadar skal sikre rett praksis. Føremålet med kontroll er å undersøkje om skjøtselen av areal er i tråd med intensjonane for tilskot, og om data som er gitt i søknaden er rette, slik at rett beløp kan bli utbetalt.

Kommunen skal kontrollere 5 % av søkjarane av RMP og skriftleg dokumentere vurderingane og prioriteringane som er grunnlaget for utplukket.

Kommunen skal plukke ut kontrollobjekta etter ei risikovurdering, og krav i forvaltningslova om varsel av kontroll skal følgjast. Vi viser her til landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2017-25 for nærmare opplysningar om dette.

Søknadsfristen for RMP er i år flytta til 15. oktober, og er samanfallande med søknadsfrist for produksjons- og avløyartilskot. Kommunane vil få stor arbeidsbelastning i perioden 15. oktober -15. desember. Telledato for ordningane i RMP er 31.07, og søknadar kan leverast frå 1. august. Kommunen kan velje å kontrollere areal frå 1. august til dei som har søkt. Det vil seie at delar av søknaden kan kontrollerast før endeleg søknadsfrist har gått ut. Vurdering av arealtilstand og skjøtsel må gjerast på tidspunkt på året der drifta av arealet er synleg, og kommunen kan gjere ei reell vurdering om intensjonen med tilskotet er følgt.

Søkjaren vil framleis kunne levere søknaden på nytt før 15. oktober. Ved kontroll av arealtilstand og skjøtsel før 15. oktober må kommunen følgje opp søknaden etter søknadsfrist, og sjå om søkjar har sendt inn ny søknad.

Kommunen kan i heile vekstsesongen reise ut på synfaringar. Resultata frå synfaringar kan brukast som dokumentasjon i saksbehandlinga, og for å ivareta behovet for vurdering av arealtilstand i seinare kontroll. Særleg ordninga ugjødsla randsoner og vegetasjonssoner er dette gjeldande. For å sjå om eit areala ikkje blir gjødsla bør ein vurdere dei mellom våronna og 1. slåtten.

Viss kommunen under ei slik synfaring finner avvik frå ønska drift må det dokumenterast. Driftsansvarleg må gjerast kjend med avviket.

### **Gjennomføring av kontrollen**

Kommunen skal kontrollere at dei opplysningane som søkjaren har gitt i søknadsskjemaet er korrekte. Kontrollen skal gjennomførast ved synfaring på det aktuelle bruket.

Søkjar skal kunne leggje fram gjødslingsplan og journal og register over bruk av plantevernmiddel.

Krava til innhald og oppsett av gjødslingsplanen følgjer av forskrift om gjødslingsplanlegging. Søkjar må kunne dokumentere at gjødslingsplanen er reell for året. Dvs. har rett tal dekar, gjeldande vekst og viser kvar det eventuelt er attlegg. Det må også vere rett mengd husdyrgjødsel ut i frå gjeldande produksjon. Skriftlege avtalar på spreieareal og kvittering for levert/motteke gjødsel er nødvendige vedlegg til gjødslingsplanen. Får føretaket organisk gjødsel frå andre, må dette komme fram av gjødslingsplanen. Merk at organisk gjødsel ikkje berre inkluderer rein husdyrgjødsel, men også andre produkt som blir omfatta av forskrifta om organisk gjødsel.

Gjødslingsplanen skal vise ein planlagd bruk av gjødsla som er forsvarleg. Dersom vekstforholda blir annleis enn det ein tok høgde for under planlegginga, skal gjødslingsplanen bli justert i samsvar med behovet. Bruk av store mengder husdyrgjødsel der fosfortala i jorda er svært høg, t.d. P- Al-verdiane er over 40, vil ikkje vere i tråd med kravet om forsvarlege mengder. I desse tilfella må føretaket vise til at dei planlegg god fordeling av husdyrgjødsla slik at ikkje fosfortala aukar



ytterlegare. Så fram t vekstkulturen ikkje har særskilte næringskrav som kjem fram av gjødslingsplanen, skal føretaket ikkje tilføre meir fosfor enn det plantane kan hente ut i avling. For grasproduksjon med normal avling vil det utgjere om lag 3 kg fosfor per dekar. Dette er 0,5 kg mindre enn det ved maksimal utnytting av spreiearealet (i snitt) kan bli tilført<sup>1</sup>.

Einskilde av ordningane har særskilte dokumentasjonskrav og søkjar må kunne leggje denne fram. Søkjarar som ikkje kan vise fram den dokumentasjonen som er sett som vilkår for tilskotet, fyller ikkje krava og har difor ikkje rett på tilskot for den aktuelle ordninga. Opplysningar i søknaden som ikkje kan kontrollerast ved teljing eller måling, må søkjaren dokumentere eller godgjere på annan måte.

Dersom søkjar nektar kontroll, skal kommunen halde tilskotet tilbake til kontrollen er gjennomført, sjå pkt 5.4.3 i rundskriv 2017-25 frå Landbruksdirektoratet. Kontrolldata skal bli lagt til grunn for den vidare sakshandsaminga av søknaden.

Ved stikkprøvekontroll bør ein sjå etter/kontrollere følgjande punkt:

- Er krav til dokumentasjon oppfylt?
- Oppfyller omsøkt areal krav til status i Naturbasen m.m.?
- Er det rett tal dyr/dekar/stk som er omsøkt?
- Er skjøtselen tilfredstillande?

### **Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap**

Arealet skal vere slått eller beita. Gras etter slått skal vere fjerna. Det er ikkje nok å slå med beitepussar. Areala skal ha normal avling for området, og ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing.

### **Beite av lokalt verdifulle kulturlandskap**

Der tilskotet gjeld beiting av innmarksbeite, skal areala vere beita med tilstrekkeleg beitetrykk. Innmarksbeitene skal ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing. For tilskot til beiting i verneområde skal søkjar kunne vise til skjøtselplan for området.

### **Skjøtsel av bratt areal**

Arealet må tilfredstille krava til bratt areal jamfør NIBIO sine kart over bratt areal. Det bør kontrollerast at areala er i aktiv drift og er beita eller slått. Graset skal ikkje liggje att på marka, og det er ikkje nok å bruke beitepussar. Areala skal ikkje ha for mykje ugras eller bere preg av attgroing.

### **Skjøtsel av slåttemark**

Areala skal bere preg av mykje urter/blomstrar av artar som krev mykje lys og lite næring. T.d. prestekrage, blåklokke og kystmaure. Slåttemarker er ofte skrinne og med glissen vekst. Marka skal ikkje bere preg av å ha blitt gjødsla, og skal vere slått seint i sesongen. Tidleg beiting på våren og lett beiting på hausten er ein fordel.

### **Skjøtsel av kystlynghei**

Areala må vere tilstrekkeleg beita til å hindre attgroing. Kva som er rett beitepress er vanskeleg å vurdere. Lyngheisenteret på Lygra reknar 15 daa lyngmark som passe areal per villsau. NLR-einingane i Rogaland har samarbeidd om ein rapport om beitetrykk i kystlynghei. Rapporten vil vere nyttig i vurderinga av dyr/dekar. Den er lagt ut på heimesida til Fylkesmannen under Miljøtiltak/ tilskot til miljøtiltak. Generelt skal områda ikkje vere dominert av lyng over 20-30 cm,

---

<sup>1</sup> Ei gjødseldyreinig (GDE) tek utgangspunkt i produksjon av 14 kg fosfor. 1 GDE krev 4 dekar og det betyr i snitt 3,5 kg fosfor per dekar.

då dette er eit teikn på for lavt beitepress. Tørre område bør ikkje vere dominert av grasartar. Det vil vere ein indikasjon på for høgt beitepress. Reelt beitepress skal gå fram av skjøtselplanen til søkjar. Beiting med utegangardrift skal skje etter godkjenning frå Mattilsynet. Dyrehaldet skal vidare tilfredstille krava til merking og til god dyrevelferd.

### **Beite av biologisk verdifulle areal (naturbeitemark og hagemark)**

Areala skal ha ugjødsla preg og ha innslag av urter. Areala skal vere beita, og ikkje ha preg av attgroing.

### **Skjøtsel av styvingstre**

Trea skal vere styva godt over beitehøgda til husdyra. Det vil seie om lag 2,5 – 3 meter over bakken. For å ha rett til tilskot må trea vere styva minst ein gong. Greinene skal vere kappa nokre cm utanfor førre kappflate (sist styving). Trea skal vere styva minst kvart 6. år. Viss området trea er på blir brukt som beiteområde, skal det ikkje vere omfattande beiteskadar på trea. Nye styvingstre kan etablerast dersom desse er ein del av eit større felt.

### **Slått av biologisk verdifulle areal**

Myr det blir gitt tilskot til må vere skjøtta. Det treng ikkje vere aktiv slått av myra. Det skal heller ikkje vere teikn til inngrep som til dømes drenering eller gravearbeid. Myra må liggje i samanheng med jordbruksareal.

### **Tilrettelegging av fuglebiotopar**

Områda skal ikkje bere preg av å vere gjødsla, og det skal ikkje leggjast tilleggsfôr i områda som det blir gitt tilskot til. Det skal vere tydeleg at områda er beita.

### **Skjøtsel av gravminne og Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne**

Kulturminna skal vere synlege, og areala kulturminna ligg på skal vere skjøtta. Det skal ikkje vere gjort inngrep som kan vere skadeleg for bevaringa av kulturminnet.

### **Vedlikehald av ferdselsårer i jordbrukslanskapet**

Stien skal vere merka og teikna inn på offentleg tilgjengeleg kart.

### **Fangvekstar etter hausting**

Fangvekstane skal vere sådd direkte etter tidleg hausting av potet eller grønsaker. Den skal vere godt etablert ved kontroll om hausten, og skal ligge i ro (ikkje jordarbeidast) gjennom vinteren. Fangveksten skal ikkje gjødslast eller sprøytast om hausten.

### **Ugjødsla randsone i eng**

Kontroll av ugjødsla randsoner bør skje tidleg på året etter at veksten er i gang og vårgjødslinga er unnagjort. Det ugjødsla arealet skal skilje seg frå gjødsla areal med tanke på farge (vere lysare) . Det er også naturleg at ugjødsla areal inneheld meir kløver og andre vekstar. I sonen skal det ikkje ha blitt brukt plantevernmiddel.

### **Vegetasjonssone**

Kontrollen kan gjerne skje på hausten. Randsonen skal ikkje vere jordarbeidd. I sonen skal det ikkje ha blitt brukt plantevernmiddel.

### **Vedlikehald av fangdammar**

Arbeidet skal vere utført på søknadstidspunktet.

## **Miljøavtale**

Føretaket skal ikkje ha gjødsla sterkare med fosfor enn kva miljøavtalen tilseier. Søkjaren skal også ha gjødslingsjournal. Gjødslingsjournalen skal vere sett opp skiftevis, og tidspunkta for gjødsling, mengde og type gjødsla (mineralgjødsel og husdyrgjødsel) skal gå fram av journalen. Søkjar skal i tillegg ha gjort andre nødvendige tiltak som t.d ikkje jordarbeidd om hausten, og ha ugjødsla randsone mot vassdrag. Søkjarane må ha nok tilgjengeleg spreieareal slik det er pårekneleg at det ikkje har blitt gjødsla med meir enn 3 kg fosfor per dekar.

## **Miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel**

Det skal gå fram av skiftenoteringane kva gjødslingsmetode som er brukt, og tidspunkta for gjødslingane. Føretak som ikkje disponerer utstyr sjølve må kunne leggje fram kvittering for leige av utstyr. Føretaka må ha nok lagerkapasitet slik at det er pårekneleg at det ikkje blir spreidd gjødsla etter 10. august.

## **14. Avkorting**

Det visast i utgangspunktet til gjeldande rundskriv om avkorting frå Landbruksdirektoratet.

### **Avkorting ved brot på regelverket**

Dersom søkjar aktlaust eller forsettleg har drive i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av tilskotet avkortast. Der kommunen kjem fram til avkorting av produksjonstilskotet, skal det som hovudregel også avkortast i RMP- tilskotet.

Føremålet med Regionalt miljøprogram er å stimulere til eit aktivt og berekraftig jordbruk som tek vare på kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, stimulerer til opplevingar av landskapet og som reduserer ureininga til jord, vatn og luft. Brot på regelverk i strid med føremålet skal som hovudregel føre til avkorting.

Ved store manglar i gjødslingsplanen eller når denne manglar fullstendig, skal alt tilskot avkortast. Dette er å sjå på som eit brot på grunnvilkåra for tilskot. Der det er mindre manglar i gjødslingsplanen, skal samla tilskot avkortast med 20 -50 % Tilskot til miljøvenleg gjødsling og miljøavtalar skal avkortast også ved mindre manglar i gjødslingsplanen. For å avkorte på grunn av manglande journal om bruk av plantevernemiddel, må vedtak frå Mattilsynet ligge føre.

### **Avkorting ved feilopplysningar**

Dersom søkjar gir opplysningar som kan gi eller har gitt urettmessig utbetalt tilskot, skal kommunen vurdere avkorting. Kommunen fastset kor stort trekket skal vere. Der søkjar i tilskotsbrevet etter førre års søknad har blitt opplyst om han ikkje har rett på eit tilskot, og likevel feilaktig har søkt same ordning på nytt, skal kommunen som hovudregel avkorte tilskotet. Det betyr at det berre er unntaksvis i heilt spesielle tilfelle at det ikkje skal avkortast. Søkjar finn tilskotsbrevet i Altinn. Viss søkjar ikkje har opna og lest brevet, er det ikkje å sjå på som unnskyldning for at «han ikkje visste» resultatet av kommunen si saksbehandling av tilskotet.

Viss søkjar i merknadsfeltet har gitt uttykk for tvil om at vilkår for tilskot er følgt opp, skal kommunen som hovudregel ikkje avkorte tilskotet. Kommunen skal sende skriftleg varsel om avkorting, og søkjar skal ha anledning til å kommentere feilopplysninga.

## **15. Omgjering av eige vedtak og handsaming av klage**

Vedtak gjort av kommunen kan klagast på til Fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå søkjar mottek vedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Kommunen skal behandle klagen. Kommunen kan enten fatte nytt vedtak om tilskot eller oppretthalde det påklaga vedtaket. Blir klagen ikkje tatt til følgje, skal saka bli sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Fylkesmannen sitt vedtak i ei klagesak er endeleg og kan ikkje klagast på vidare, jf. forvaltningslova § 28. Fylkesmannen skal ha kopi av saker der kommunen tek klagen til følgje.

Vedtak gjort av Fylkesmannen i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet. Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 32. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje, blir saka sendt vidare til Landbruksdirektoratet for endeleg avgjerd.

Endeleg avgjerd i vedtak fatta av Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet vil bli sendt til kommunen for effektivering.

### **Meirutbetaling av tilskot**

Der klagebehandlingen fører til meirutbetaling av tilskot, skal kommunen opne søknaden på nytt i eStil. Når aktuelle endringar er gjort, skal kommunen godkjenne søknaden og attestere den på nytt. Differansen mellom allereie utbetalt tilskot og meirutbetaling blir automatisk utrekna i eStil. Landbruksdirektoratet vil om lag ein gang per veke gå gjennom attesterte søknadar og betale ut tilskot. Kommunen må sende ut nytt tilskotsbrev til søkjar.

Der det blir gjort nytt vedtak, blir det automatisk generert nytt tilskotsbrev. Det er når Landbruksdirektoratet har godkjent utbetalinga at brevet kjem i eStil. Alle merknader som står i eStil kjem med på tilskotsbrevet. Kommunen må difor sjekke om desse fortsatt er gjeldande.

### **Tilbakebetaling av tilskot**

Omgjering av vedtak som fører til at søkjar skal betale tilbake allereie utbetalt tilskot, kan handterast i eStil. Landbruksdirektoratet vil då sende ut faktura til søkjar.

## **16. Innspel til Regionalt miljøprogram**

Ønskjer om endringar i Regionalt miljøprogram kan spelast inn via kommunen. Kommunen sender desse vidare til Fylkesmannen sitt postmottak. Fylkesmannen har årleg to møte i styringsgruppa for RMP og SMIL (normalt i desember og juni), og her blir mindre endringar i programmet tatt opp. Større endringar bør bli tatt ved hovudrullering av miljøprogrammet.